



Arkivsaknr: 2025/2732-56
Sakshandsamar: Aud Gunn Løklingholm
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt - høyring

Utval

Formannskap

Kommunestyret

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Vest politidistrikt har sendt ut på høyring sak om endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Vest politidistrikt har med bakgrunn i ulike samfunnsendringar, pålegg om å utnytte ressursane meir effektivt og forventa trongare økonomiske rammer i åra som kjem gjennomført eit prosjekt for å vurdere og vidareutvikle organisering og drift av politidistriktet.

Dei endringane som er sendt på høyring og som i størst grad vil påverka Tysnes kommune er innlemming av Kvam, Samnanger og Tysnes politistasjonsdistrikt i Voss politistasjonsdistrikt med hovudsete på Voss politistasjon, og omgjerung av Tysnes politistasjon til tilpassa politistasjon.

Vurdering

Tysnes politistasjon som tilpassa

Ein tilpassa politistasjon er innretta etter lokale behov, og kan vera lokalisert i eigne lokale eller i leigd areal hjå samarbeidspartnar, kommune eller privat utleigar. Per i dag er politistasjonen på Tysnes lite bemanna og ei omgjerung av stasjonen til «tilpassa», vil etter kommunedirektøren si vurdering ikkje nødvendigvis medføra vesentlege endringar i drifta av stasjonen. Det er likevel svært viktig, uavhengig av kva status politistasjonen har, å oppretthalda ei organisering som sikrar lokalkunnskap om Tysnessamfunnet, tett samhandling med kommunen sine tenester og politiet sitt nærvær i kommunen vår.

Endring av politistasjonsdistrikt til Voss

Kommunedirektøren ser med uro på politiet si responstid per i dag. Det har ved fleire høve tatt lang tid før politiet er på plass ved alvorlege hendingar. Uro knytt til lang responstid har vore tema både i politiråd og i møte knytt til einskildsaker. Det er grunn til å tru at ei endring av politistasjonsdistriktet der hovudsetet vert flytta til Voss, kan medføra lengre responstid og mindre lokalkjennskap til Tysnes.

Lengre responstid frå politiet kan mellom anna få uheldige konsekvensar for:

- Sikkerheit for innbyggjarane våre
- Tysnes kommune sin beredskapskapasitet
- Utsett nødvendig helsehjelp
- Sikkerheit for tenesteytarane våre

For Tysnes kommune er difor den føreslegne endringa av politistasjonsdistrikta lite ønskjeleg og det må sikrast at endringar som eventuelt vert gjort, ikkje går negativt ut over tenestetilbodet i Tysnes kommune.

Sjå vedlagde fagnotat for utdjuping.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren ser med uro på framlegget til omorganiseringa som Vest politidistrikt har sendt på høyring. Det er viktig å ha gode polititenester i Tysnes kommune framover. Politiet må ha nødvendig lokalkunnskap om Tysnessamfunnet og det må sikrast at nærvær av politiet på Tysnes ikkje vert redusert. Det er viktig å presisera i høyringsuttalen at det ikkje er rom for å redusera politiet sitt nærvær på Tysnes eller gjennomføra endringar som kan føra til auka responstid frå politiet.

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev - endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.pdf
- 2 17042026 Innstilling til strukturendringar i Vest politidistrikt.pdf
- 3 Fagnotat omorganisering Vest politidistrikt
- 4 Uttale Brann-og redning, omorganisering politiet 08.2026
- 5 Referat frå møte 13.08.2026 med politiet om alvorleg valdshending på Tysnes